

Sak 33-21 Differensiering av renovasjonsgebyr – vegen vidare

Styret ber representantskapet gjere slikt vedtak:

1. Representantskapet har evaluert og vurdert ordninga med differensierte gebyr på grunnlag av vedtak i Volda og Ørsta Kommunestyre.
2. Representantskapet vil vise til at VØR oppnår betre dei nasjonale måla om høg materialgjenvinning enn selskap med annleis innretning på differensieringa. Representantskapet rår difor frå å gjere vesentlege endringar no.
3. Representantskapet ber om at det vert innført ein ny kategori i renovasjonsforskriftene ved neste revisjon; Småhushaldsgebyr med 80 l behaldar for restavfall

Saksutgreiing

Samandrag:

Styret drøfta saka i møte 6 juni, og bad om at tilråding til vedtak vart å legge fram på styremøte i august.

Høg materialgjenvinning er av Miljødirektoratet prioritert som ei av dei viktigaste oppgåvene til kommunale renovasjonsselskap. Ved å samanlikne seg med selskap som har anna innretning på differensiering av gebyr, ser ein at Nomil og VØR som har tilnærma lik differensieringsinnretning, oppnår av dei beste nasjonale materialgjenvinningsresultata med sin måte å differensiere gebyr. Å risikere å miste dette ved å gjere endringar, rår ein ifrå.

Kommunestyret i Volda bad ved handsaminga av gebyrforskrifta for 2021, om vurdering av eiga ordning for einslege med små avfallsmengder.

VØR har vurdert renovasjonsforskrifta, og kan ikkje sjå at å innføre 80 l behaldar for restavfall for dei med små avfallsmengder, vil bryte med gjeldande innretning i renovasjonsforskrifta. Men sidan heimelen manglar i forskrifta, så bør det vente til etter neste revisjon av forskriftene.

Kommunestyret i Ørsta vedtok ved sin handsaming av gebyrforskrifta for 2021 slikt vedtak punkt 2:

2. Kommunestyret ber VØR kome med ei sak om reduksjon til halv pris når 2 abonnentar delar på dunkar til avfall.

Der er mange typar samarbeid. Frå samarbeid mellom 2 og opp i 9 abonenntar. Ei endringa for dei som samarbeidar, bør såleis gjelde alle som samarbeida. Dersom ikkje vil likehandsamingsprinsippet i norsk lovgjeving verte brote.

Vi tolkar vedtaket som eit ynskje om ei sak om differensierte gebyr, slik dette er.

Saksutgreiing

Tre type modellar for differensiering i bruk

I avfallsbransjen er det i hovudsak tre ulike modellar for differensiering av gebyr som er i bruk.

Alt.0. Nordfjord Miljøverk (NOMIL) / Remidt (Nordmøre, Trøndelag) IRIS (Bodø) /VØR

Alt 1. BIR (Bergensområdet) / Avfall Sør (Kristiansand området)

Alt 2. Remiks (Tromsø), RIR (Romsdal Interkommunale Renovasjonsselskap)

Alt.0. er dagens måte å differensiere på.

Inndeling i gebyr i standard-, storhushald-, ulike samarbeidsvarianatar, kompostering-, storhushald ekstra

Fordelane med alternativ 0, slik vi ser det, er at vi har eit enkelt og innarbeida system, ein grei valfridom og kan driftast med relativt låg administrativ innsats. Innretninga på gebyrstørleiken mellom dei ulike typane gebyr, gir høg materialgjenvinning.

Alt. 1. BIR modellen

Har valfri vekeshenting av restavfall. Ein betalar for minimum 12 hentingar pr år, og betalar ekstra når ein får tømt behaldar oftare.

Vi ser den som uaktuell for oss, då minsteleveringa hos BIR er standard for VØR med restavfall henting kvar fjerde veke. Vi kører i dag 16 ruter pr månad med henting av restavfall i dag, og må ved BIR sin variant, i så fall ha tilbod om 16 ruter pr veke. Vi trur dei aller fleste vil velje billigast alternativet, og dermed blir det ein del tomkjøring av bilane våre i tre av fire veker pr. månad. Slik vi ser det, vil det ha därleg klima og miljøeffekt og i tillegg auke kostnadene våre med fleire bilar og tilsette.

Materialgjenvinningsgrad hos BIR er 26,5 %. VØR har 58,6 % i 2020. I samanlikning med Alt.0. er resultatet i alt.1 därlegare for miljøet.

Systemet krev unik elektronisk merking av alle behaldarar kopla mot abonnement, og dataprogram i bilar og i administrasjon som handterar tømmingane på ein sikker måte, då tømminga er grunnlag for faktura på gebyr.

Alt 2. Inndeling i fast og variabelt gebyr.

RIR modellen: Der er om lag 60 % er fastgebyr og 40 % er variabelt gebyr, med utgangspunkt i standardgebyret.

I det variable gebyret ligg det betaling for behaldareininga, tømminga av behaldar og innhaldet i behaldar.

Kostnadsdekninga på miljøstasjonane, er 70 % gjennom gebyret, medan 30 % er gjennom bruk av stasjonane og då betaling for dei fraksjonane som ikkje går til materialgjenvinning. Fritak for gebyr når hus er tomme vert gitt for den variable delen, ikkje den fast delen.

199 hus/ leiligheter hadde 100 % fritak hos VØR i 2020 til samanlikning.

Detalj opplysningsane som trengst for å operere systemet, er elektroniske brikker på behaldarane (Rfid) , slik at ein kan dokumentere tilknyting mellom behaldarid og tømming, og slik få korrekt gebyrgrunnlag.

VØR skal ha like mykje inntekter etter omlegginga av differensieringa, som før. Ved å nytte RIR modellen, har vi rekna oss fram til at ei evnt. omlegging vil gi ein omfordelingseffekt ved utvida rabatt til dei som samarbeider, slik at standardgebyret må aukast med ca. 9 % i år 1. Gebyrreduksjon vil på den andre side slå positivt ut for dei som samarbeida om behaldarar og har disponibelt restavfall ned mot minstekravet på 70 l pr månad. Disse oppnår rabattar i gebyr i hove i dag på mellom 1 og 13 %.

Likeså vil dei som i dag har 240 l restavfall og 360 l restavfall, få rabattar på 15 og 36 % når ein nyttar RIR sine variablar. Dette gjeld nokre veldig få.

Miljødirektoratet (MD)i rapport M-2021.

I rapport M-2021 av 30.04.2021, foreslår MD, å innføre pålagde «betal for det du kastar» ordningar frå 2025. Dette for å stimulere til meir materialgjenvinning.

Forslaget er kontroversielt. M.a. har Samfunnsbedriftene (KS bedriftene) karakterisert meldinga til departementet som evnt. må ta den politiske avgjersla i form å lage ei forskrift, som eit forsøk frå MD på å overstyre lokalt sjølvstyre.

«Betal som du kastar» krev registrering av alle behaldarar med unike id brikker (Rfid), standplass og vekt / registreringseining montert på alle bilane.

Rfid: (radio, frekvens, identification)

Rfid er ein elektronisk identitetschip som er festa på kvar enkelt oppsamlingsseining. Den er kopla mot eigedomen i renovasjonsselskapet sitt styringssystem, og er unik for kvar oppsamlingsseining. Den les tømmetidspunkt og kan og lese vekter i kontakt med bilen som tømmer, sjølv om vi ikkje tilrår vekter i bruk for behaldarar under 1000 liter / kg. Utstyret på bilen sender over elektronisk data etter kvart som tømminga skrid framover. Opplysningane er ved alternativ 1 og 2 nemnt nedanfor, grunnlag for fakturering av gebyr.

Kostnad med installasjon av Rfid på behaldarar inklusiv med leseutstyr i bilane og programvare hos VØR er 3,1 mill med 2021 prisar. Årleg auke i driftskostnad i datasystem på kr 656' og 1,7 årsverk til å montere det. Vedlikehaldskostnad og avskriving i storleik 1,7 mill kr. pr år. Omrekna i gebyr, ca. kr 210,- inkl mva frå og med år 2. Vi må rekne eit kalenderår for å få alt på plass.

Mykje tyder på at Rfid kjem i løpet av få år av kvalitetssikringsgrunnar. Men det er ikkje vedteke enno.

Representantskapet har tidlegare vedteke å undersøkje om vi skal gå for Rfid merking, men då som eit ledd i å betre kundeinformasjonen, ved at kundane kan følgje med på tømming og avviksrapportering via «Min renovasjon».

Røynslene med Rfid er positive, men med vektbaserte ordningar er røynslene ikkje udelt positive. Forskingsrapportar frå EU (Dahlen & Lagerkvist 2009) og erfaringane hos naboselskapet vårt SSR som hadde slikt i ei periode, fortel begge om avfall som «forsvinn» over til containerar eigmde av næringslivet, auke i villoppslag, «nabohjelp» med meir. Vedlikehaldskostnadene med vektsystema er og relativt høge får vi opplyst frå leverandør av renovasjonspåbygg (NTM).

Administrativt er vi derfor ikkje udelt positive til eit slikt tiltak. Men vert det pålegg frå sentralt eller lokalt hald, så må vi vi innføre det. Ei eventuell omlegging av differensieringssystemet no, bør difor vere førebudd for vekt.

Småhushaldsabonnement

Spørsmålet om det skal innførast 80 l behaldar for restavfall for dei med små avfallsmengder, må få sin avklaring i forskriftsendring med tilhøyrande høyring. Dei vil ha tilnærma same leveringsmengde med restavfall pr månad som for dei som delar ein 140 L behaldar i dag (70 l), og den administrative tilrådinga vil i så fall vere gebyr på 90 % av standardgebyr.

Differensiering i VØR frå 2001 og fram til no.

VØR sin måte å differensiere gebyr på har stått relativt fast i over 20 år. Slik sett har det vore ei vellukka ordning.

Ulempa er at den ikkje er tilpassa krav om vektregistrering, som mange vil meine er ein del av tida vi lever i. Nokre synest at inndelinga i standard og storhushald er pedagogisk tung å forstå.

På den andre side har VØR langt betre materialgjenvinningsresultat, enn dei som nyttar andre modellar for differensiering.

Og nettopp målet om høgre materialgjenvinningsgrad er motivasjonen i MD for å krevje vektregistrering.

Kva inneber differensiering av gebyr og kva skjer når detaljeringsnivået aukar ?

I veglei frå MD står det i klartekst: Differensiering av gebyr inneber at nokon skal betale meir i gebyr, og nokon skal betale mindre i gebyr.

Avfallsselskapet eller kommunen skal ha sine inntekter som før.

Når ein aukar detaljeringsgraden i felles ordningar, vil dei administrative kostnadane med meir detaljert kontroll av behaldarar og utstyr, pluss meir individuell handsaming av alle gebyr, auke.

I dag har vi ei varelinje på faktura til ab. Dersom ein går for alt 1 eller 2. aukar dette til mellom 4 og 10 varelinjer. Slik omlegging kan ikkje køyrast over maskinelt. Det må gjerast manuelt. Omlegging og vedlikehald vil krevje minst ei varig stilling meir i administrasjon. Kostnad med kontorplass og sosiale kostnader, er ca. kr 100,- pr abonnent inkl. mva.

Vidare saksgang

Saka går no vidare til representantskapet. Om representantskapet sluttar seg til det så går saka til kommunestyra som melding om vurderinga.

I vedlegga til saka går vi på detaljar. For å ikkje gjere dette for omfangsrikt, har eg delt det inn i ulike tema som kan lesast kvar for seg.



Petter Bjørdal
Dagleg leiar VØR

Tema 1: Lovgrunnlag og meldingar frå lovgevar

Tema 2: Alternativ 0: Dagens modell.

Tema 3: Alternativ 2 Grunngebyr og variabelt gebyr

Tema 4: Miljøstasjon

Tema 5: Nedgravne anlegg

Tema 6: Fritidshus

Tema 7: Teknologi

Tema 8: Eksempel på gebyr etter alt.2.

Sak 33-21: Tema 1 - Lovgrunnlag og meldingar frå lovgevar

Ei lita påminning først.

I spørsmålet om differensiering av gebyr, hamnar ofte årsaka til at tvungen renovasjon er innført, i skuggen.

Eit objektivt leveringssystem skal ta vare på smittevernoperspektivet og unngå forsøpling. Vi må derfor operere med eit minimum av behaldarkapasitet disponibelt pr. bustadeining og ein hentefrekvens som ikkje fører til framvekst av utøy eller gir uhygienisk overfylling.

MD om differensiering:

Dette står å lese i MD sin vegleiar M-258 for berekning av kommunale avfallsgebyr:
«Forurensningsloven § 34 annet ledd fastsetter at «Kommunen bør fastsette differensierte gebyrer, der dette vil kunne bidra til avfallsreduksjon og økt gjenvinning».Gebyrdifferensiering vil kunne motivere til avfallsreduksjon og materialgjenvinning, og kommunene oppfordres derfor sterkt til å differensiere avfallsgebyrene. Siden kostnadene ved avfallshåndtering i kommunen skal dekkes fullt ut, vil differensiering innebære at lave avfallsgebyrer for enkelte avfallstjenester må oppveies av tilsvarende høye gebyrer for andre avfallstjenester. Dette kan stimulere til endret adferd, f.eks. økt oppslutning om materialgjennvinningsordninger og lavere avfallsproduksjon.»

A. MD skisserar disse differensieringsmetodane for respektiv henting av avfall og levering til miljøstasjon.

Differensiering knyttet til tiltak ved oppsamlingsenhet for kildesortert avfall i kombinasjon med oppsamlingsenhet for restavfall.

Henting av restavfall, matavfall, papir og ev. øvrige fraksjoner:

- Volum Større eller mindre oppsamlingsenheter for restavfall/kildesortert avfall.
- Antall oppsamlingsenheter for restavfall/kildesortert avfall.
- Tømmefrekvens Hyppigere, standard eller redusert – fordelt på hver fraksjon
- Reell vekt Veiing av oppsamlingsenhet
- Deling av oppsamlingsenheter. Flere abonnenter kan dele på oppsamlingsenhet for restavfall/kildesortert avfall. Oppsamlingsenheten som det deles på kan være mindre enn standard, standard eller større enn standard (store fellesløsninger)
- Hjemmekompostering Ved hjemmekompostering vil tömming av matavfall bortfalle, samt at abonnenten ikke vil ha behov for utstyr til innomhus oppsamling av avfallet.

B. Levering av avfall til gjenvinningsstasjon.

Differensiering knyttet til Tiltak ved oppsamlingsenhet for kildesortert avfall i kombinasjon med oppsamlingsenhet for restavfall

- Volum Betaling etter størrelsen på kjøretøy avfallet blir levert i, med eller uten tilhenger, størrelse på tilhengeren.
- Betaling ut i fra volum de har med seg.

- Frekvens Registeringssystem over hvem som leverer, slik en har kontroll over antall ganger den enkelte husholdning leverer avfall på gjenvinningsstasjonen.
- Reell vekt Veiing av avfallet.
- Betalingsmetode

Gebyret husholdningene betaler for å levere avfall på gjenvinningsstasjonen er også avfallsgebyr. Kommunen har mulighet til å differensiere mellom gebyr som betales direkte på gjenvinningsstasjonen, og gebyr som faktureres. Forutsetningen er at totalinntektene fra håndteringen av husholdningsavfall i kommunen er i tråd med selvkostprinsippet. Kommunen må ha kontroll på at kryssubsidiering mellom husholdnings- og kommersielt avfall ikke oppstår på gjenvinningsstasjonen. Det kan for eksempel lages egne betalingsregulativ eller særskilte abonnementordninger etter hvilket opphav avfallet har.» Sitat slutt.

Endringar på gang.

Miljødirektorat (MD) som er regjeringa sin fagetat, har gitt ut ein publikasjon M-2021 den 30.04.2021 om kva som må til for å oppnå stortinget sitt mål om 55 % materialgjenvinning i 2025. 60 % i 2030 og 65 % i 2035.

Frå 2025 vert målepunktet på materialgjenvinninga flytta frå inn til ut frå materialgjenvinning, som i praksis tyder at Noreg må verte nær dobbelt så god på materialgjenvinning i 2030, som i 2019. Det har vore kjent ei tid. I 2019 var materialgjenvinninga i kommunane i Noreg, 41 % i gjennomsnitt, målt utifrå kva som er levert inn til materialgjenvinning.

VØR oppnådde 62 % materialgjenvinning i 2019, opp frå 39 % i 2018. Auken kom frå omlegging av hentinga frå kvar andre veke restavfall til kvar fjerde veke restavfall. Det stimulerte til sortering, alternativt større restavfallsbehaldar. I kombinasjon med innføring av matavfall henting, auka materialgjenvinninga monaleg.

Våre tal er gode, men VØR har likevel ein veg å gå for å nå 55 % i 2025 og 60 % ut frå materialgjenvinnar i 2030, fordi vi har relativt store innslag av feilsortering i alle materialgjenvinnings fraksjonane. Feilsorteringa varierer frå 3-20 %. Det vert for alvor synleggjort når materialgjenvinninga skal målast ut frå gjenvinnar frå og med 2025. Fortsetter vi som i dag, er vi i VØR sikre på å ikkje nå 55 % målet i 2025, ut frå gjenvinnar.

MD foreslår kraftfulle ordningar for å stimulere til sortering i heimane og kontroll av kvaliteten på det som vert levert. Nokre av disse tiltaka må og vi ta i bruk.

MD er spesifikke i kva dei meiner vil virke for å stimulere til sortering. Det er veging av kvar einskild behaldar ute hos abonnementane og å sette prisen på levering av kjeldesortert avfall lågare enn prisen på restavfall.

På dette punktet er det likevel slik, at ein annan vegleiar frå MD for korleis gebyra skal utrekna, M-258, er det tydleg at kommunane har valfridom til å velje differensieringsløysing. Mitt råd er derfor å velje differensieringsmetode som er tilpassa oss, og som er tilpassa vektbaserte metodar som kan kome som påbod seinare.

MD sitt råd føreset Rfid merking av alle behaldarar. Rfid er databrikker montert på kvar ein skild behaldar som leser kva eigedom den høyrer heime hos. Kopla mot bilen sitt lesarutstyr og evnt. vekter, kan hentinga registrere vekt, tidspunkt for tøming og kople dette saman i VØR sitt datasystem, som igjen gir grunnlag for faktura eller innsyn frå abonnent i «min renovasjon». Rfid merking av alle behaldarar er elles i tråd med representantskapet sitt vedtak om stategiplan 2021-25, som ledd i å gi innbyggjarane tilgang på opplysningar om siste tømming av behaldarane.

Vi skal seinare i saka drøfte fordelar og ulemper ved val av teknologisk ordning.

Vi har kopiert heile teksten frå MD rapporten inn i dette dokumentet. Dermed kjem alle forslaga frå MD med, for det som går på tiltak for å auke ombruk / materialgjenvinning, sjølv om ikkje alt har relevans for oss. UH2, UH3 og UH4 er til dømes for lengst innført hos oss. UH6 krev lovendring. I dag er det juridisk rekna som gavé til dei som driv med slikt, og ikkje ein del av det kommunale ansvaret. Sak om UH5 skal vi legge fram i 2022.

Sitat MD rapport M-2021:

- UH1: Tilrettelegging for et "betal for det du kaster"-system for henteordninger for restavfall ved hjelp av RFID.
- UH2: Tilrettelegging for et "betal for det du kaster"-system for restavfall på gjenvinningsstasjoner.
- UH3: Henteordning for papp og papir.
- UH4: Henteordning for glass- og metall emballasje
- UH5: Henteordning for hage- og parkavfall.
- UH6: Henteordning for teknisk avfall.
- UH7: Utsortering av hygieneprodukter på sentralsorteringsanlegg.

Tiltakene forutsettes iverksatt fra 2024, med unntak av UH1 Betal for det du kaster for henteordninger for restavfall (forutsatt iverksatt i 2025), UH7 Utsortering av hygieneprodukter som er forutsatt iverksatt i 2027 da disse tiltakene forutsetter teknologi som ennå ikke er veletablert i markedet

Tiltaket innebærer at kommunene tar merbetalt per kg restavfall enn for kildesortert avfall som hentes, ved å installere identifiseringsløsninger (RFID) for henteordninger for restavfall fra husholdningene og etablere systemer for veiing på renovasjonsbilen, avvikskontroll og registrering. Slik kan avfallsgebyret fastsettes individuelt. Et slikt "betal for det du kaster"-system vil bidra til å øke graden av kildesortering da den enkelte husholdningen motiveres økonomisk til å øke kildesortering eller å redusere avfallsmengdene (kaste mindre).

En rekke kommunale avfallsselskap differensierer avfallsgebyret i dag ut fra beholderens volum og hentefrekvens. Effekten av gebyr-differenseringen øker imidlertid ved bruk av vekt og RFID. Et "betal for det du kaster"-system gjør det også mulig for kommunale avfallsselskaper å ha mer eksakt informasjon om mengden restavfall som genereres. Effekten av tiltaket er avhengig av at det innføres gebyrdifferensiering hvor kostnaden per kg settes lavere for kildesortert avfall enn for restavfall og vil variere basert på hvor stor denne differansen er.

Avfallsgebyrene fastsettes av kommunen, og skal fullt ut dekke kommunens kostnader forbundet med avfallshåndteringen. Gjennom forurensingsloven §34 andre ledd og selvkostveilederen¹, oppfordres kommunene til å bruke gebyrdifferensiering for å oppnå avfallsreduksjon og økt gjenvinning, så lenge kommunens totale kostnader med avfallssektoren dekkes gjennom de samlede gebyrene.

Sitat slutt.



Petter Bjørdal

Sak 33-21. Tema 2. Alternativ 0: Dagens modell.

Kommunane vedtok 4.10.1999 i Ørsta og 21.10.1999 i Volda å innføre differensierede renovasjonsgebyr i Volda og Ørsta i samband med utarbeiding av Avfallsplan for kommunane.

Måten differensieringa var bygt opp, var foreslått av ei politisk og administrativ nemnd, med representantar frå begge kommunane. Leiar i nemnda var Ingrid Oppedal frå styret i VØR og Volda Kommunestyre. Nemnda hadde 18 møter i perioden frå 1997 – 1999.

Første året med differensierete gebyr, var i 2001, der ein innførte eit system basert på volum, hentefrekvens og høve til samarbeid mellom abonenntar. Abonnement typane småhushald, standard og storhushald vart nye begrep, i tillegg av ulike samarbeidsabonnement utifra storleik på behaldar.

I 2017 ved innføringa av 14 dagars henting av restavfallet for alle, fall småhushaldsabonnementa bort. Valfridomen vart då 140 L restavfall eller 240 L evnt. 360 L.

Nemnda gjorde eit godt arbeid sidan hovudinndelingane i typar abonnement har stått seg i 20 år. Den matematiske fordelinga som ein administrativt la fram i 2001, vart ikkje nytta. Det vart derimot den politiske konsensus på nivået mellom dei ulike abonnementtypane, som har stått seg til no.

Differensieringa legg til grunn at standardgebyret er sett til 100 %. (standardgebyret er den abonnement typen som er mest nytta) og tar utgangspunkt i ein 140 l restavfallsbehaldar med henting kvar fjerde veke pr bueining. Gebyret skal dekke VØR sine faste og variable kostnader.

Differensieringa er slik:

Med heimekompostavtale og <u>utan</u> matbehaldar (140L rest disponibelt pr. abb)	80 %. av std
Samarbeid standard (70 L rest disponibelt pr. abb)	90 %. av std
Samarbeid 240 L eller større (110 L rest disponibelt pr. abb)	95 %. av std
Samarbeid storhushald ekstra pluss (180 L rest disponibelt pr. abb)	135 % av std
Storhushald (240 L rest disponibelt pr. abb)	180 % av std
Storhushald ekstra (360 L rest disponibelt pr. abb)	260 % av std
Fritidshus med alle typar behaldarar.(kan bu der i intil 4 mnd pr år)	80 % .av std
Fritidshus kategori 1 (med straum, innlagt vatn/ avlaup og heilårsveg)	50 %. av std
Fritidshus Kategori 2 (med enten straum, vatn/ avlaup, eller heilårsveg)	30 % av std
Fritidshus Kategori 3 (verken straum, innlagt vatn / avlaup eller heilårsveg)	10 % av std

Kritikken av systemet, er av pedagogisk karakter, ved at det ikkje går enkelt fram kva som går inn i abonnementet. Då må ein inn i forskriftene for å finne forklaring.

Nytt tilbod for dei med små avfallsmengder

Det vert innført ein ny behaldar for restavfall for dei med låge avfalls mengder på 80 L og gebyr 90 % av standard. Likt med dei som deler behaldar i dag og har 70 l pr månad. På grunn av tømming med kamløft på bilane, vert det i realiteten 140 L behaldarar, der innervolumet er redusert til 80 L. Men det er ei teknisk sak.

Abonnementtypene er fastsett i renovasjonsforskriftene, og kan ikkje endrast før renovasjonsforskriftene vert endra på nytt, om det bryt med formuleringane i forskriftene. Det er ein prosess som kommuneadministrasjonane styrer, og tar erfaringvis om lag eit år, med høyring og kommunal handsaming.

Minimumskapasitet pr. bueining som i dag.

I modellane vert alle pålagt tilgang på fullt sett behaldarar og oppsamlingseiningar.

Minste moglege matavfalls mengd pr. månad er 20 liter pr 14.dag pr abonnent uansett samarbeidsløysing. Dvs. at i eit sameige kan maks 7 samarbeide om ein 140 l. matavfallsbehaldar

For restavfallet er mengda sett til 70 liter pr månad, (som idag) Dvs. Maks 5 kan samarbeide om ein 360 l restavfallsbehaldar.

For papiret er minimum sett til 70 l pr månad. (som i dag i samarbeidsabonnement)

Glas og metall emballasje minimum 30 l pr abonnent, tømming fire ganger pr år.

Emballasjeplast 12 sekkar à 140 l pr år. (i dag 2 stk sekkar à 60 l. 25 sekkar pr rull)
Treng ein meir sekkar, får ein det.

Raud boks kan 2. abonenntar samarbeide om, men er ikkje med i den variable delen. Unntaket tilrår vi fagleg, fordi det nasjonalt og lokalt er ynskjeleg å ta imot mest mogleg FA.

Nedgrave anlegg


Bak nedgravne anlegg ligg det høg investering og kostbart spesialutstyr for å tømme. Gebyret følgjer standardgebyret. Dette er forslått uendra i alle alternativa.

Fordelinga i tal abonnement hos VØR

7 av 10 av VØR sine abonnentar har ei eller anna form har standardgebyr. Dei aller fleste abonnentane går etter dei billigaste alternativa, uansett kor mange som er i husstanden. Der ligg og utfordringa med avfall i andre kanalar dersom stimulans er sett for sterkt. Siste fakturering våren 2021 syner slike tal:

5577	abonenntar i kategori standard
1037	abonenntar i kategori samarbeid standard
99	abonenntar i kategori heimekompostering

298	abonnentar i kategori storhushald
20	abonnentar i kategori storhushald ekstra
2240	abonnentar i kategori samarbeid storhushald
52	abonenntar i kategori samarbeid storhushald ekstra
9323	abonenntar i sum.



Petter Bjørdal

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Petter Bjørdal". The signature is fluid and cursive, with the name "Petter" on top and "Bjørdal" below it.

Sak 33-21. Tema 3: Alt. 2 Grunngebyr og variabelt gebyr

RIR (Romsdal Interkommunale Renovasjonsselskap) har ein modell for å synleggjere fordelinga mellom faste og variable kostnader som dei har nytta nokre år. Den har ei fast avgift på alle bueiningar, og den har ein variabel kostnad knytt opp til leveringa av avfallet i behaldar.

Dei har matematisk / politisk delt kostnadene i ca. 60 % fast kostnad og 40 % variabel kostnad for standardgebyret.

Vi har gjort ei simulering av det same, i det vi kallar Alternativ 2.

Kva inngår i fast kostnad

Fast kostnad er tatt frå vugleiar 258 frå MD : «Beregning av kommunale avfallsgebyr».

I dette inngår dei lovpålagnede oppgåvene som å sørge for at der er eit innsamlingsssystem for avfall i alle delar av kommunane i tråd med dei lokale forskriftene. Der er miljøstasjonar og omlastingsstasjonar for levering av avfall som er lovpålagt å ha eit tilbod om. Drift av bygga for å ta imot og laste om avfall ligg i det faste gebyret, pluss ikkje minst levering og disponering av avfallet.

Levering av farleg avfall skal vere fritt opp til 1000 kg pluss 500 kg Pcb haldige isolerglas vindu. Hageavfall frå private skal fortsatt vere finansiert av renovasjonsgebyret.

Vidare er administrasjon, rente og avdrag på lån, finansierte via renovasjonsgebyret.

Variabelt gebyr

Variabelt gebyr er samansett av betaling for behaldareining, henting i samsvar med frekvens i forskriftene og innhaldet i behaldar.

Alle skal ha full tilgang på alle typar behaldarar. Sjølve behaldarkostnaden og hentinga er prisa likt uansett avfallstype.

Rabatten gjeld innhaldet, der materialgjenvinningsfraksjonane vert prisa til kr 0,- uansett realitetar, med unntak av matavfallet, som på grunn av at alternativet heimekompostering vert oppfatta meir miljøvennleg.

Hentinga i samsvar med frekvens er sett til 50 %, av innsamlingskostnad. 50 % er fast. VØR må uansett køyre disse rutene, og om ein tar med ein behaldar meir eller ein behaldar mindre når ein likevel er i Dalsfjorden eller Øye, representerer ikkje meirkostnad eller innsparing.

Kostnaden til behaldar, bygger på rekneskapen og innkjøpet av behaldarar

Innhaldet bygger på vekter i behaldar, og er i denne saka stipulert. For matavfallet har vi gode data, for restavfallet har vi gjennomsnittsdata som vi har nytta i modellen vår. 11,3 kg. Men vi manglar data på korleis det fordeler seg mot 240 l og 360 l. Plukkanalyse i fjar synte forskjellar frå 2 – 28 kg pr. 140 l. behaldar. Dette må undersøkjast nærmare, om denne måten å differensiere skulle bli ein realitet. Slik at systemet kan bygge på realitetar og ikkje teori.

Hentinga, er kostnaden vi har med henting pr. behaldar. Denne må og få ein ny gjennomgang, då hentinga idag er omgjort i 140 L behaldarar. Det er ikkje heilt korrekt, og må kontrollerast.

Administrative utfordringar med modellen.

Ei omlegging, vil innebere at 9.323 avtalekort må individuelt handsamast. Ei varelinje vert til mellom 4 og 10, alt etter kva slags behaldarar som er i sameiget.

Vi må ha spesialtilpassa programvare for å takle dette, så administrativt må organisasjonen styrkast.

Eksempel

Eg har tatt fram tre eksempel som ligg som vedlegg 2. Eksempel på gebyr.

Ein som komposterar. Får auke i gebyr i høve alternativ 0, då det er storleiken på restavfallsbehaldar som slår sterkest inn i gebyret saman med det faktum at den som komposterar har individuelle behaldarar.

Standardabonnement får auke i gebyret då disse har individuelle behaldarar.

Samarbeidsabonnementa med i dette eksempelet eit sameige med 12 partar og enkel miks av dunkar som samarbeidar om behaldarar og har individuelle rekningar.

Disse får reduksjon i gebyr.

Materialgjenvinning

Når spranget mellom det ein betalar for restavfallsbehaldarane 140l til 240l eller til 360 l minskar, så minskar også den økonomiske motivasjonen til å sortere avfall.

Slik vi ser det, er det med på å forklare kvifor selskap med denne form for differensiering, har vesentleg lægre resultat for materialgjenvinning, enn VØR.

Utan at eg har sett nærmere på det, vil eg tru at dette kan justerast på modellen.

Andre konsekvensar

Bytte av abonnement utifrå valfridom, er ein klar variabel kostnad og er derfor tilrådd knytt til den som rekvirerer abonnementet, og ikkje ein del av fastgebyret. Etablerings og endringsgebyr bør derfor innførast og fastsettast årleg i gebyrforskrifta.

Lik storleik uansett kvar ein bur i kommunane. Hos SSR er det i storleik kr 300,- når ein hentar sjølv og 1100,- når det vert bringa.

Omklassifisering ved feilsortering

Der er alltid ein risiko for at avfall flyttar behaldar frå rest til t.d. mat eller papir når, økonomisk stimulans vert sterkt. Avvik må adresserast.

Vi tilrår innført eit omklassifiseringsgebyr i dei tilfella VØR oppdagar og kan dokumentere kvalitetsavvik i form av restavfall eller uønska avfall i oppsamlingseining for plastemballasje, papir/ papp behaldar, matavfallsbehaldar eller behaldar for glas/metall emballasje.

Mottakarane av avfallsfraksjonane aksepterar ikkje avvik og dei som gjere ein god jobb må ikkje få økonomisk straff for det.

Dette kan innebere at sidelastarane må byttast ut til baklastar med hjelpepersonell , for at slik kontroll kan gjennomførast systematisk.



Petter Bjørdal

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Petter Bjørdal". Below the signature, the name "Petter Bjørdal" is written in a smaller, printed font.

Sak 33-21: Tema 4: Miljøstasjonane

Tilbod på og drift av miljøstasjonar er lovpålagt.

I saksutgreiinga for Alt 0 og 1 er det ikkje gjort noko som får konsekvensar for miljøstasjonane.

I alt 2 er dei finansiert med 70 % finansiering frå fastgebyret. 30 % er finansiert frå salsinntekt frå dei som nyttar stasjonen ved levering av avfall. Vidare inngår sal av positive fraksjonar i denne 30 % satsen.

Tilgang til miljøstasjon og gebyrfinansierte prisar der, gjer at ein ikkje får fritak for fastdelen av gebyr når bueiningar / hus vert ståande tomme. Fritaket vert berre gitt på den variable del av gebyret. Det er for så vidt ikkje urimeleg uansett alternativ. Dei som søker fritak for oppussing av bustadeining, nyttar miljøstasjonen og denne sine subsidierte prisar som t.d. gratis levering av Farleg avfall, utan å vere med på det spleiselaget som renovasjonsgebyret står for.


Ordninga med differensierte gebyr på Miljøstasjonen vert reindyrka, ved at alle materialgjenvinningsfraksjonar vert prisa til kr 0,- uavhengig av kostnad med levering av det som går til materialgjenvinning.

Dvs. i praksis at meir enn halvparten av avfallet vert gratis medan avfall til deponi og energigjenvinning får betalingsplikt.

Hos oss vil det vere hardplast og dei fleste typar trevirke som med ei slik ordning får fritak for leveringsgebyr, då dette kan sendast til materialgjenvinning. Dei nemnde fraksjonane har betalingsplikt i dag.

Også her bør det innført eit omklassifiseringsgebyr i dei tilfella VØR oppdagar kvalitetsavvik i materialgjenvinnings fraksjonane.

Det kan vere at ovanfornemnde endringar ikkje kan gjennomførast før Miljøstasjonen er bygt om, planlagt i 2026. Det kjem ein tilbake til.


Petter Bjørdal

Sak 33-21 Tema 5. Nedgravne anlegg

Tømming av nedgravne anlegg er sett til pris for standardabonnement. Disse abonnentane får frådrag for felles oppsamlingseiningane, men får påslag for ekstra dyr eining i innkjøp og drift, fordelt på relativt få abonenntar. Mengdene med restavfall er og høgare frå slike anlegg pr. abonnent, enn frå einskildbehaldarar.

Hos BIR vert disse abonnentane fakturert for bruk av meir enn 60 leveringar av restavfall pr år, som skal tilsvare 140 L restavfall pr månad.

VØR har i dag tilgangskontroll på så godt som alle stål brønnar som er i drift, så dette lar seg gjennomføre. Dette må vi sjølvsgart teste ut først, om ein ynskjer å gå for slik ordning. Poenget er at det er løysbart.

Vi har ca. 20 molok brønnar som ikkje har eller er førebudde for slik teknologi.

Dei må evnt. skiftast ut med typar som har adgangskontroll og nivåmåling. Vi prøver no ut Molok Domino på Melsgjerdet, og det er ein variant med nivåmåling og adgangskontroll, som er om lag halve prisen av nedgravne betongkommar med stålinnssats.

Avvik i beholderane kan i disse tilfella adresserast partseigarane i sameiga.

Investeringskostnad 2,7 mill kr i utskifting av dagens Moloktankar med betong, sekkar og tilgangskontroll.


Utfordring med systemet i høve behaldarar.

Dei med beholderar får rabattar utifrå tal beholderar og kor mange som samarbeidar om oppsamlingseining.

Direkte overført til oss, så vil dei med nedgravne anlegg få høgre gebyr, enn dei som samarbeida om plastbehaldarar. (5 bueiningar med inntil 70 l restavfall pr bueining)

Korleis dei med nedgravne anlegg vil stille seg, når dei forstår at store plastbehaldarar kan gi billigare abonnement, kan bli ei pedagogisk utfordring.

Truleg ein grunn til at RIR har færre nedgravne løysingar enn VØR, til tross for at selskapet er tre ganger så stort.



Petter Bjørdal

Sak 33-21 Tema 6. Fritidshus

Fritidshusa får frådrag for felles oppsamlingsseiningar, men påslag for rydding rundt mottakspunkta, mengdene med restavfall og ettersortering av restavfallet for å ta ut gjenstandar som ikkje kan gå til energigjenvinning. Store gjenstandar i restavfallet vert ikkje godteke av mottakarane. Derfor må slikt containeravfall etterkontrollerast.

Bruken av fritidshusa er etter kvart meir og meir heilårsbruk, med toppar rundt høgtider og feriar. Etter at covid-19 starta å breie om seg, har hytter i nærområda fått ein oppsving i bruk. Det er og ein nasjonal trend. Mange litt eldre hytter har blitt pussa opp siste åra.

Levert mengde restavfall frå fritidshus i 2019 er 123 kg pr eide. Pr bueining fastbuande er tilsvarande gjennomsnittstal 159,8 kg. Levert mengde restavfall frå fritidshus er såleis 77 % av ei hushaldning i dag, så kjem opprydding og ettersortering i tillegg.

Eg har ikkje nytta 2020 tal, som er enda høgre i disfavør av fritidshusa. Pga Covid -19 mengder, brukar eg 2019 tal.

Mengdene restavfall i samanlikning med hushaldningane, talar for at fritidseigedomane burde fått oppjustert sitt gebyr. MD forslår innført kjeldesortering og for disse, og ei oppgradering med samling i færre mottakspunkt, tilgangskontroll og utvida sorteringsløysingar er eit vedteke satsingsområde i åra som kjem. Vi har eit anlegg i Volda og neste anlegg opnar i Ørsta i 2022.

Vi foreslår derfor å innføre eigen sats for dei som får sitt hentepunkt på slike oppgraderte anlegg ved neste revisjon av forskrifta, med nye kategoriar. Kategori V: 80 %. Kategori VI: 50 %. Kategori VII: 20%.

Petter Bjørdal

Sak 33-21 Tema 7. Teknologi.

I dag kan teknologien registrere tal tømmingar og ein kan registrere leverte mengder med vekt på bilane om ein ynskjer. Data kan deretter vere tilgjengeleg i styringssystemet i VØR, med forseinking 3- 5 minutt etter henting, alt etter mobildekning der ein arbeidar. Ikkje enno, men i løpet av få år trur ein at dette så er tilgjengeleg på «Min eigedom», slik at abonnenten kan sjå når behaldar er tømt, eller få ei avviksforklaring på kvifor det ikkje var tømt.

Teknologisk er altså ordningane på plass. Ulempa er knytt til det faktum at dei er kostbare i drift og i vedlikehald. Vektene tek ikkje høgde for våt eller frosen snø i eller opp på behaldar, eller regnvatn i behaldar fordi loket har blåst opp kvelden før. I Ulstein førte dette til mykje administrativt tidsbruk, uro og påstandar om feil vekter.

I Sverige er vektbaserte system meir vanleg i bruk ifølgje leverandørane av slikt utstyr. I Noreg er det meir vanleg med system som registrera tømmingar utover minste tal tømmingar som du betalar for. Minste tal tømmingar er 12 pr år, dvs. ein pr månad, slik vi alt har på rest- og papir-avfall. Vi har ingenting å hente på slik ordning.

Føresetnaden har vore at ein har Rfid merka kvar einskild behaldar med klart definert adresse. For VØR sin del inneber noko slikt at alle våre om lag 30.000 behaldarar må merkast med elektronisk brikke.

Kvifor er vektbaserte ordningar i innsamling lite i bruk?

Vekt er utfordrande. SSR innførde vekt på bilane i 2007, men gjekk etter kvart bort frå det. Dei opplevde vekst i villdumping, fleire utnytta næringslivet sine containerar, restavfallet vart minimert ved å kaste det i papirbehaldar i tillegg av «nabohjelp». Med «nabohjelp» meinast situasjonar der nabo er bortreiste av ulike grunnar, så nyttar dei andre i gata behaldarane, for å spare seg avgift.

Kortversjonen er at folkekravet om meir rettferdig differensiering endra seg til eit folkekrav om å oppheve det. Og slik vart det. I administrasjonen til SSR er det i dag tydlege stemmer på at dette ikkje kan tilrådast.

Ei slik innføring vil og gi ein varig gebyrake. Drift av vektsystema er relativt kostbart får vi opplyst av påbygg leverandør NTM, då særskilt resultatet av bruk av «bankefunksjonen» ved tømming av behaldarar.

Der abonnenten har pressa maksimalt med avfall i behaldar, vil ikkje avfallet falle lett ut. Då må det gjerne få hjelp av ein «banking », men slik banking øydelegg vektutstyret. Avfall som ikkje naturleg fell ut av behaldar når han står opp ned i tømmesyklus, vil då verte abonnent sitt ansvar å bringe fram til avfallsanlegg som konsekvens. Renovasjonsbilen vil ha elektronisk registrert at han var på staden, og skal såleis ha kredit for frammøte.

Kortversjonen er at vi frårår vektbaserte løysingar idag. Det er likevel viktig å presisere at teknologien ikkje står i vegen for ei slik løysing i 2021, og «Alternativ 2. modellen» er førebudd for det. Dersom ein over tid kjøper bilar som er førebudde for vektregistrering, sparer ein seg mykje ved ettermontering på eit seinare tidspunkt.

Petter Bjørdal



Sak 33-21

Tema 8. Eksempel på gebyr etter alt. 2.

Modell 1. Standard

- Ny modell.
 - Fastgebyr kr 1800,-
 - Matavfall 140 L kr 455,-
 - Restavfall 140 L kr 486,-
 - Papir 140/240 L kr 177,-
 - Emb. glas/metal 140 L kr 146,-
 - Plastsekk 140 L kr 149,-
 - SUM kr 3182,-
- 2021 diff:
- kr 2895,-

Modell 2. Småhushald

- Ny modell.
 - Fastgebyr kr 1800,-
 - Matavfall 140 L kr 455,-
 - Restavfall 80 L kr 368,-
 - Papir 140/240 L kr 177,-
 - Emb. glas/metal 140 L kr 146,-
 - Plastsek 140 L kr 149,-
 - SUM kr 3095,-
- 2021 diff:
- Ny modell.
 - Fastgebyr kr 1800,-
 - Matavfall 140 L kr 455,-
 - Restavfall 80 L kr 368,-
 - Papir 140/240 L kr 177,-
 - Emb. glas/metal 140 L kr 146,-
 - Plastsek 140 L kr 149,-
 - SUM kr 2895,-

Modell 3. Sameige 12 bueiningar

- Fastgebyr
= kr 1800,-
- Matavfall: 2. stk 140 l = 280 L/12 partar = 23,3 liter / 140 L = 16,67 % gebyr = kr 75,83
- Restavfall, 3 stk 360 L = 1080 L/12 partar = 70 liter / 360L = 20 % gebyr = kr 259,60
- Papir/papp, 4 stk 360 L = 1440 L/12 partar = 120 liter / 360 L = 33,3 % gebyr = kr 171,50
- Glas og met. 2 stk 240 L = 480 L/12 partar = 40 liter/ 240 L = 16,6 % gebyr = kr 44,00
= 100 % gebyr = kr 149,00
- 100 % plastemballasje.
= kr 700,00
- Sum variabel
= kr 2.500,00
- Gebyr 2021: 2.750,40 = prisreduksjon 10 %

Modell 4. Kompost

- Ny modell.
- Fastgebyr kr 1800,-
- Restavfall 140 L kr 486,-
- Papir 140/240 L kr 177,-
- Emb. glas/metal 140 L kr 146,-
- Plastsekk 140 L kr 149,-
- SUM kr 2758,-
- 2021 diff:
kr 2316,-

Ny Gebymodell etter alt. 2 vil innehalde:

- Inndelt i fast gebyr og variabelt gebyr. Det faste gebyret må alle betale. Det variable avhengig av tilgang på behaldarar og bruk.
- Tilrettelagt for Rfid og vektregistrering, jfr innspel frå MD m. fl.
- Større valfridom.

Ny gebymodell – alt 2.


- Ein slik modell vil reelt sett stimulere fleire til å samarbeide om behaldar.
- Tømming av ein nesten tom behaldar er økonomisk sett sløsing med ressursar.
- Betre utnytting av behaldarkapasitet og tømmingar, kan i neste omgang gi betre utnytting av innsamlingsapparatet. Ein gjennomsnitts behaldar med mat 140 l er ca 20-25% full ved tømming . Glas og metallemballasje litt meir. Nokre set fram ein gang pr år. Andre kvar gang, fordi «vi betalar for det».
- Færre behaldarar pr dag som skal hentast med matavfall, kan gi færre ruter enn i dag. Som av glas og metall emballasje

Bueningsbegrepet er innarbeida, og objektivt.

Fleire og fleire nyttar det som gebyrgrunnlag. Ikke minst fordi matrikkelen opplyser om det. Den igjen er enkel å kontrollere og objektiv.

Men der er nyansar og i høve til avfallsproduksjon pr bueingning.

- Fra RIR: «Statistikk fra SSB viser at det bor ca 2,5 personer i en enebolig, mot 2,1 personer i rekkehus/kjedehus/småhus. Dette utgjør ca 84% av antall personer i enebolig.
- Tilsvarende tall for boligblokk og bofelleskap/hybel er 1,6 personer og 1,4 personer, hhv 64% og 56%.
- Vi må gå ut fra at hver person produserer like mye avfall uansett hvilken boligtype man bor i. 1 person i leilighet produserer like mye **husholdningsavfall** som 1 person i rekkehus eller enebolig». Sitat slutt



Peter Sæbø
Vær